

# Velkomen som student på årsstudium i musikk ved HVL campus Stord!

Det er ei glede for oss å ynskje deg velkomen til musikkstudier ved HVL, studiestad Stord, studieåret 2425. Årsstudium i musikk er eit innhaldsrikt og praktisk studium, og vi vonar at du vil trivast og utvikle deg slik du håpar på.

Her kjem litt generell informasjon som er greitt for deg å vite på førehand, og har du spørsmål til andre ting er det berre å ta kontakt på epost så skal vi svare så snart vi kan. Sjå kontaktinfo nederst i dokumentet.

## **Praktisk informasjon:**

Måndag 12.august møter du lærarar og medstudentar på kunstfagbygget på rom FOR121 (Konsertsalen) kl 10.00. Den første studieveka er sett av til informasjon, kartlegging, bli kjent med klassen gjennom samspel, og oppstart av dei to 15 stp- emna MUS101- Utøve musikk og MUS201 – Lage musikk. I tillegg til fagleg opplegg er det ein del fadderprogram og anna fellesprogram for alle nye studentar. Det er lagt opp til fagleg opplegg kvar dag den veka. Du får detaljane for det faglege opplegget når du kjem.

## **Utstyr:**

Alle studentane må i løpet av hausten skaffe seg studioheadset og dynamisk mikrofon med kabel. Det er også veldig nyttig å ha eit eige lydkort dersom du vil gjere opptak andre stader enn på skulen. Du får tips om dette ved studiestart – det er ikkje krise om du ikkje har alt på plass når du kjem. Instrumentalistar må ha eige instrument (vi har trommesett på campus) og eventuelt tilhøyrande kablar. Vokalistar må ha eigen mikrofon og kabel. HVL har generelt krav om at studentar må ha eigen laptop. Du får tilgang til Mac-lab med stasjonære maskinar og Logic studioprogram. Musikkavdelinga har felles lagerrom med kode for dei som treng å lagre utstyret sitt på campus.

## **Val av hovudinstrument (evt område)**

I løpet av første veka skal du velge eit hovudinstrument (eventuelt område) som du skal få individuell oppfølging i. Med hovudområde meiner vi at dei som *har erfaring med* t.d. laptop/musikkproduksjon/ låtskriving/ arrangering kan få tilbod om oppfølging i dette i staden for eit særskilt hovudinstrument (gjeld kun vidarekomne). Dersom du ikkje har noko erfaring med instrument frå før vert det tilbuddt anten song, piano, gitar eller bass. Dersom ein ynskjer litt breidde kan ein ev. gjere ein kombinasjon av to instrument, MEN det vil då verte færre timar per instrument. Breiddefokus kan t.d. vere aktuelt for dei som tenkjer seg å bli lærar i musikk i grunnskulen og ynskjer litt kunnskap om fleire instrument. Tenk gjerne igjennom kva ditt valg skal vere slik at vi får oversikt over dette så snart som råd ved studiestart.

## **Musikkteori/ noteunnskap**

Det er ingen krav om forkunnskapar for årsstudium musikk. Vi kjem til å starte med grunnleggande musikkteori, men det kjem til å gå fort framover. Dersom du ikkje har nokon erfaring med dette frå før vi vil anbefale deg å bruke litt tid i sommar på å få litt oversikt over kva det handlar om. Det finst

mykje på nettet som er bra, og det finst fleire gratis appar. Prøv gjerne ut og leit etter ein app for musikkteori/gehørtrening som fungerer for deg. Nokre tips til innføring i musikkteori:

<https://www.youtube.com/watch?v=rgaTLrZGlk0>

<https://www.musikkteori.net/start-here/>

<https://www.notelyst.no/>

### **Studietur og ekskursjonar**

Hausten 2024 er det lagt opp til studietur i veke 37, til Ole Bull Akademiet på Voss. Dette kostar 800 kroner (for mat) + utgifter til reise. Resten (overnatting og undervisning/kurs) er fullfinansiert. Det er obligatorisk undervisning heile den veka. Dersom ein ikkje har høve til å reise pga økonomi eller andre ting vil det bli gitt ei erstatningsoppgåve. Turen brukar å vere veldig samansveisande og kjekk for både lærarar og studentar! Turen er knytt til emnet MUS201 – Lage musikk.

I tillegg legg vi opp til å bruke lokalmiljøet og gå på konsert saman – som ein del av undervisninga, studentane må betale dette sjølv.

Tips: Stord jazzklubb er veldig aktiv og har mykje spanande på programmet. Kun 50 kroner for studentar! Bakeriet Frugård (Arena) er ein annan utestad med mykje forskjellig live-musikk igjennom året. Åtgaum bistro og bar arrangerer jam ein gong i månaden.

### **Timeplan – NB Her kan det kome endringar fram mot studiestart!**

Undervisningsdagane er hovudsakleg tysdag (MUS101), onsdag (MUS101) og torsdag (MUS201) kvar veke. Veke 40 og 45 er satt av til undervisning heile veka. Veke 41 er det studieveke og ingen undervisning, men det vil kome oppgåver. Individuell undervisning avtalast direkte med lærar, og må leggast på tider som passar for den aktuelle læraren (kan t.d. bli på studiedagar eller ettermiddagstid).

Har du fleire spørsmål? Kontakt oss gjerne!

Gunhild Aadland Rolfsnes E-post: [Gunhild.Rolfsnes@hvl.no](mailto:Gunhild.Rolfsnes@hvl.no)